



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Møteprotokoll

**Utval:** Fylkestinget  
**Møtestad:** Hotel Union Geiranger  
**Dato:** 12.06.2012  
**Tid:** 09:00  
**Protokoll nr:** 5/12

---

### Faste medlemmer som møtte:

| <b>Namn</b>               | <b>Funksjon</b> | <b>Representerer</b> |
|---------------------------|-----------------|----------------------|
| Jon Aasen                 | Leiar           | AP                   |
| Gunn Berit Gjerde         | Nestleiar       | V                    |
| Toril Melheim Strand      | Medlem          | AP                   |
| Bjarne Storfold Elde      | Medlem          | AP                   |
| Eva Mariann Vinje Aurdal  | Medlem          | AP                   |
| Line Hoem                 | Medlem          | AP                   |
| Håvard Jostein Kongshaug  | Medlem          | AP                   |
| Petter Bjørdal            | Medlem          | AP                   |
| Lilly Gunn Nyheim         | Medlem          | AP                   |
| Bjørn Inge Ruset          | Medlem          | AP                   |
| Helge Orten               | Medlem          | H                    |
| Anne Dyb Liaaen           | Medlem          | H                    |
| Torgeir Dahl              | Medlem          | H                    |
| Toril Røsand              | Medlem          | H                    |
| Ole Bjørn Sandøy          | Medlem          | H                    |
| Per Magne Waagen          | Medlem          | H                    |
| Knut Anders Oskarson      | Medlem          | H                    |
| Ewa Hildre                | Medlem          | H                    |
| Knut Garshol              | Medlem          | H                    |
| Charles Tøsse             | Medlem          | H                    |
| Frank Sve                 | Medlem          | FRP                  |
| Åge Austheim              | Medlem          | FRP                  |
| Margareth Hoff Berg       | Medlem          | FRP                  |
| Geir Stenseth             | Medlem          | FRP                  |
| Cine Finstad Austnes      | Medlem          | FRP                  |
| Steve Runar Kalvøy        | Medlem          | FRP                  |
| Knut Flølo                | Medlem          | FRP                  |
| Hans Olav Myklebust       | Medlem          | FRP                  |
| Oddbjørn Vatne            | Medlem          | SP                   |
| Bergsvein Brøske          | Medlem          | SP                   |
| Kjersti Løge              | Medlem          | SP                   |
| Knut Støbakk              | Medlem          | KRF                  |
| Randi Walderhaug Frisvoll | Medlem          | KRF                  |
| Torgunn Nerland           | Medlem          | KRF                  |
| Iver G. Nordseth          | Medlem          | V                    |
| Pål Farstad               | Medlem          | V                    |
| Frøydis Austigard         | Medlem          | V                    |
| Randi Karin Asbjørnsen    | Medlem          | SL/TVP               |

|                 |        |        |
|-----------------|--------|--------|
| Torleiv Rogne   | Medlem | SL/TVP |
| Bjarne Kvalsvik | Medlem | SL/TVP |
| Ingrid Opedal   | Medlem | SV     |

---

**Faste medlemmer som ikkje møtte:**

| <b>Namn</b>           | <b>Funksjon</b> | <b>Representerer</b> |
|-----------------------|-----------------|----------------------|
| Steinar Reiten        | Medlem          | KRF                  |
| Kristin Marie Sørheim | Medlem          | SP                   |
| Kirsti Hammerø        | Medlem          | H                    |
| Rolf Kårvand          | Medlem          | AP                   |
| Hanne Notøy           | Medlem          | AP                   |
| Hege Merethe Gagnat   | Medlem          | AP                   |

---

**Varamedlemmer som møtte:**

| <b>Namn</b>               | <b>Møtte for</b>      | <b>Representerer</b> |
|---------------------------|-----------------------|----------------------|
| Marit Cathrin Thorstensen | Hanne Notøy           | AP                   |
| Trygve Holm               | Rolf Kårvand          | AP                   |
| Sidsel Rykhus             | Hege Merethe Gagnat   | AP                   |
| Dag Vaagen                | Kirsti Hammerø        | H                    |
| Olav Myklebust            | Kristin Marie Sørheim | SP                   |
| Marian Brennesvik Hansø   | Steinar Reiten        | KRF                  |

---

**Frå administrasjonen møtte:**

| <b>Namn</b>           | <b>Stilling</b>       |
|-----------------------|-----------------------|
| Ottar Brage Guttelvik | fylkesrådmann         |
| Willy J Loftheim      | ass fylkesrådmann     |
| Gudmund Loftheim      | juridisk sjef         |
| Ingunn B Sjøholm      | seksjonsleiar         |
| Per Hoem              | fylkesutdanningssjef  |
| Per Vidar Kjølmoen    | informasjonssjef      |
| Dag Lervik            | personalsjef          |
| Magne Vinje           | ass samferdselssjef   |
| Kari Lilleng          | konsulent             |
| Kari Rundmo           | konsulent             |
| Stein Olaf Brækkan    | fylkeshovedverneombud |
| Monica Molvær         | elev- og lærlingombod |

---

**Sekretariat:**

| <b>Namn</b>  | <b>Stilling</b> |
|--------------|-----------------|
| Robert Løvik | rådgivar        |

Dersom det er merknader til protokollen ber vi om at dette blir gjort kjent for sekretariatet så snart som råd.

År 2012, den 12. juni kl 0900, blei Møre og Romsdal fylkesting sett på Union Hotel Geiranger under leiing av fylkesordførar Jon Aasen.

Innkallinga blei godkjent.

Følgjande representantar hadde forfall:

Steinar Reiten (Krf), Kristin Marie Sørheim (Sp), Kirsti Hammerø (H), Rolf Kårvand (Ap), Hanne Notøy (Ap) og Hege Merethe Gagnat (Ap).

Følgjande møtte som vararepresentantar:

Marian Brennesvik Hansø (Krf), Olav Myklebust (Sp), Dag Vaagen (H), Trygve Holm (Ap), Marit Cathrin Thorstensen (Ap) og Sidsel Rykhus (Ap)

Forfalla blei godkjent og fylkestinget blei erklært lovleg sett med 47 representantar.

Fylkesmann Lodve Solholm var til stades under fylkestinget.

Stortingsrepresentant Oskar Grimstad kom til fylkestinget kl 14.00.

### **Generell politisk debatt**

Fylkesordføraren orienterte om at taletida var 5 minutt for gruppeleiarane og 3 minutt for øvrige medlemmer.

Debatten ga ikkje grunnlag for noko vedtak.

## **T 31-12 Gjennomføring av fylkestinga**

### **Behandling i fylkestinget - 12.06.2012**

Ole Bjørn Sandøy (H) fremma følgjande forslag til endring:

"Første avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet endras frå: "... Fylkestinget i april og oktober *kan* vere dagars samling" til: "... Fylkestinget i april og oktober *skal* vere dagars samling."

Randi Asbjørnsen (Sml) fremma følgjande forslag til endring:

"Vi ønsker å ta ut avsnitt 2 og 3 i forslag til vedtak.  
Med andre ord: Alle fire fylkesting legges ut på anbud som i dag.  
Resten av forslaget støttes."

Geir Stenseth (Frp) fremma følgjande forslag til tillegg:

"Fylkestinget ber Fylkesrådmannen legge frem ei sak om direkteoverføring av Tingsamlingane på WEB-TV"

Bergsvein Brøske (Sp) fremma følgjande forslag til tillegg:

"Fylkestinget innfører som ei prøveordning fylkestinget sin «spontan-spørjetime»  
Ordninga prøves i eit år frå oktobersamlinga 2012. Det blir laga eit enkelt reglement for spørjetimen."

Ole Bjørn Sandøy (H) fremma følgjande forslag til endring:

"Fylkestinget blir gjort papirfritt, der Fylkeskommunen går til innkjøp av nettbrett/tablet-PC for Fylkestingets medlemmer."

Randi Walderhaug Frisvoll (Krf) fremma følgjande forslag til oversendingsforslag:

"Fylkestinget forutsett at det i anbudsdokumentent kreves mulighet for å direktesende Tingsete over internett."

#### Votering:

Første avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet blei sett opp mot forslaget frå Ole Bjørn Sandøy. Tilrådinga frå fylkesutvalet blei vedtatt med 28 røyster mot 19 røyster for Sandøy sitt forslag.

Andre avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet blei sett opp mot forslaget frå Randi Asbjørnsen. Tilrådinga frå fylkesutvalet blei vedtatt med 32 røyster mot 15 røyster for Asbjørnsen sitt forslag.

Tredje avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet blei sett opp mot forslaget frå Randi Asbjørnsen. Tilrådinga frå fylkesutvalet blei vedtatt med 44 røyster mot 3 røyster for Asbjørnsen sitt forslag.

Geir Stenseth sitt forslag blei samrøystes vedtatt.

Avsnitta 4-6 i tilrådinga frå fylkesutvalet blei samrøystes vedtatt.

Avsnitt 7 i tilrådinga frå fylkesutvalet blei sett opp mot forslaget frå Bergsvein Brøske. Brøske sitt forslag fekk 25 røyster medan tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 22 røyster. Avrøystinga blei deretter gjort om inkje.

Avsnitt 7-8 i tilrådinga frå fylkesutvalet blei deretter samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Bergsvein Brøske blei vedtatt med 42 røyster mot 5 røyster.

Forslaget frå Ole Bjørn Sandøy (om papirfritt fylkesting) fekk 17 røyster og fall.

Siste punkt i tilrådinga frå fylkesutvalet blei samrøystes vedtatt.

#### **Vedtak i fylkestinget - 12.06.2012**

Fylkestinget held fram med tredagars samlingar frå lunch måndag til lunch onsdag. Fylkestinget i april og oktober kan vere dagars samling.

Desembersamlinga blir teke ut av anbodet og lagt til Molde. Hotella i Molde får da konkurrere om desembertinget.

Av omsyn til synleggjering av fylkestinget og høvet til å komme rundt i fylket, blir ei tingsamling (anten juni- eller oktobertinget) teke ut av anbodet og gjort ambulerande. Det er eit mål at ein i løpet av fireårsperioden legg minst to tingsamlingar til kvar av dei fire regionane. Programmet blir lagt opp slik at fylkestinget får møte regionale representantar/interesser/bedrifter/institusjonar og liknande.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei sak om direkteoverføring av Tingsamlingane på WEB-TV.

Det blir innført ein frist på innsending av spørsmål, som er ei veke før fylkestingssamlinga.

Dersom ein fylkestingsrepresentant vil at fylkesrådmannen skal utabeide ein uttale om eit tema, skal dette meldast til fylkesordføraren minst ei veke før fylkestingssamlinga.

Dersom ein fylkestingsrepresentant ønskjer å leggje fram til behandling ein uttale som ein sjølv har utarbeidd, skal fylkesrådmannen tilby språkhjelp før den blir delt ut til fylkestinget.

Open spørjetime blir ikkje innført.

Ordninga blir evaluert innan utløpet av valperioden.

Fylkestinget innfører som ei prøveordning fylkestinget sin «spontan-spørjetime» Ordninga prøves i eit år frå oktobersamlinga 2012. Det blir laga eit enkelt reglement for spørjetimen.

Reglement for Møre og Romsdal fylkesting blir oppdatert med dei endringane som er vedtatt i denne saka.

## T 32-12 Økonomirapportering pr. 1. tertial 2012

### Behandling i fylkestinget - 12.06.2012

Votering:

Det blei først røysta over punkta 1-3 til og med tabellen. Dette blei samrøystes vedtatt.

Resten av punkt 3 blei vedtatt med 39 røyster mot 8 røyster.

Punkt 4 blei samrøystes vedtatt.

### Vedtak i fylkestinget - 12.06.2012

1. Fylkestinget tek økonomirapporten til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp dei einingar som har påvist meirforbruk, spesielt nøye.
3. Fylkestinget vedtek følgjande endringar i driftsbudsjettet:

| Tiltak:   | +/- inntekter     |
|---|-------------------|
| Auka momskompensasjon på investeringar                  | 0,15 mill. kroner |
| Auka overføring frå drifts- til investeringsrekneskapen | 0,15 mill. kroner |
| <b>Netto endring utgift/finansiering</b>                | <b>0</b>          |

Fylkestinget viser til vedtak i sak SA 31/12 den 250412: "Samf.utvalet ber fylkestinget auke opp budsjettet til ramme 70-fylkesveggar, øyremarka til auka asfaltlegging i 2012. Dette pga svært stort behov for vedlikehald av fylkesvegane." Med bakgrunn i dette, løyver fylkestinget 20 mill.kr til auka asfaltlegging på fylkesvegnettet i 2012.

Ekstraløyvinga dekkes ved bruk av det sentrale disposisjonsfondet.

4. Fylkestinget vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

| Tiltak:   | +/- utgifter            | +/- finansiering         |
|---|-------------------------|--------------------------|
| Fylkesveggar (6B35) Straumsbrua/Digernesskiftet | 40,3 mill. kroner       |                          |
| Fylkesveggar (6B35) Nordøyvegen                 | -37,2 mill. kroner      |                          |
| Bompengeinntekter                               |                         | 38,5 mill. kroner        |
| Tilskot frå andre                               |                         | 1,8 mill. kroner         |
| Redusert overføring frå driftsrekneskapen       |                         | 0,15 mill. kroner        |
| Redusert budsjettert låneopptak                 |                         | -37,35 mill. kroner      |
| <b>Netto endring utgift/finansiering</b>        | <b>3,1 mill. kroner</b> | <b>-3,1 mill. kroner</b> |

Fylkestinget vedtek å redusere opptak av lån i 2012 frå 669,4 mill. kroner til 632,05 mill. kroner.

## **T 33-12 Styrking av det internasjonale arbeidet i Møre og Romsdal fylkeskommune**

### **Samrøystes vedtak i fylkestinget - 12.06.2012**

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtek å styrke det internasjonale arbeidet i fylkeskommunen ved at:

1. Internasjonalt arbeid vert sett opp som eit tema på fylkestinget i oktober. Formålet er å meisle ut 3-4 satsingsområde for det internasjonale arbeidet i fylket. Det blir henta inn innleiarar frå to fylke som har kome lenger enn Møre og Romsdal i si satsing på internasjonalt arbeid.
2. Det blir halde dialogmøte mellom fylkesutvalet/administrasjon/styret for Innovasjon Norge og representantar frå det internasjonale næringslivet vårt i forkant av fylkestinget i oktober for å få fram kva behov næringslivet har for støtte/oppbakking frå Møre og Romsdal fylke.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune styrker sitt engasjement i CPMR og Nordsjøkommisjonen.
4. Fylkesordføraren, eller den han utnemner, møter som fylkeskommunen sin representant på årsmøta i CPMR og Nordsjøkommisjonen.
5. Sektorutvala vel representantar til dei aktuelle tematiske undergruppene i Nordsjøkommisjonen.
6. Fylkesrådmannen vil prioritere ressursar til å støtte eit auka politisk engasjement i internasjonale organisasjonar og deltaking i internasjonale prosjekt.

## **T 34-12 Kvalitetsplan 2012 - 2016 for vidaregåande opplæring**

### **Samrøystes vedtak i fylkestinget - 12.06.2012**

1. Betre gjennomføring og tettare oppfølging skal i planperioden 2012-2016 ha eit gjennomgåande fokus i arbeidet med kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.
2. Kvalitetsplanen for 2012-2016 blir vedteken med dei prioriteringar som kjem fram i planen.
3. Kvalitetsplanen skal evaluerast i årleg kvalitetsmelding til fylkestinget.
4. Kvalitetsplanen skal leggjast til grunn for utarbeiding av lokale arbeidsplanar for lærarane, og inngå i kriteriegrunnlaget for lokal lønnsfastsetting for lærarar og skoleleiarar.
5. Skoleeigars kompetansestrategi blir teke til vitande.

## **T 35-12 Disponering av restmidlar frå den omdanna stiftinga Vyrdslartun I og II**

### **Behandling i fylkestinget - 12.06.2012**

Knut Flølo (Frp) fremma følgjande forslag til vedtak:

“100 prosent til folkehelsearbeidet”

Votering:

Tilrådinga frå fylkesutvalet blei vedtatt med 30 røyster mot 17 røyster for Flølo sitt forslag.

### **Vedtak i fylkestinget - 12.06.2012**

Fylkestinget godkjenner at midlane, pr 1. januar 2012 kr 3.962.977, inkludert opparbeidd og framtidig avkastning, etter den avvikla stiftinga Vyrdslartun I og II blir nytta slik i Møre og Romsdal:

50 % innanfor tannhelse

50 % innanfor folkehelsearbeidet

alt i samsvar med føringar lagt i fylkesrådmannen sitt saksframlegg av 12. april 2012.

## **T 36-12 Kunstnersenteret Møre og Romsdal. Vedtekter og val.**

### **Samrøystes vedtak i fylkestinget - 12.06.2012**

Fylkestinget i Møre og Romsdal tek dei nye vedtektene av 24.03.12 for Kunstnersenteret Møre og Romsdal til vitande.

Fylkestinget oppnemner Per Helge Malvik som representant og Eigunn Stav Sætre som vararepresentant til styret.

Fylkestinget oppnemner Rolf Kårvand som representant og Toril Røsand som vararepresentant til styret.

Alle vala gjeld valperioden 2012 – 2015.

## **T 37-12 Langfjordtunnelen - vidare planarbeid/reguleringsplanarbeid**

### **Behandling i fylkestinget - 12.06.2012**

Votering:

Som tilrådinga frå fylkesutvalet mot 1 røyst.

### **Vedtak i fylkestinget - 12.06.2012**

Fylkestinget godkjenner at reguleringsplanarbeidet i samband med Langfjordtunnelen kan starte opp, då prosjektet truleg er sjølvfinansierende.

Det må uttakast “maksimalt” med bompengar før evt betinga refusjon vert vurdert som aktuelt.

Det nedsettes ei anslagsgruppe for å kome fram til kostnadsoverslaget.

## T 38-12 Regional transportplan for Midt-Norge - ny politisk handsaming

### Behandling i fylkestinget - 12.06.2012

Ingrid Opedal (Sv) fremma krav om punktvis avrøysting.

Ingrid Opedal (Sv) fremma følgjande forslag:

”2.2:Alternativ til siste avsnitt:

På grunn av alle dei uløyste samferdsleoppgåvene og av omsyn til trafikktryggleik, folkehelse, miljø og klima rår Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) til at kryssing av fjordane i stamvegtraseen inntil vidare skal skje i form av eit sterkt oppgradert ferjetilbod (pendelferjer med klimanøytralt driv-stoff, minimum 20 minutt avgangar på dagtid og nattferjer). Friggjorte midlar skal øyremerkast samferdsleoppgåver i fylket vårt som oppgradering og vedlikehald av vegar og bruer, eit krafttak for kollektivtransporten, rassikring, trafikktryggleik og gang- og sykkelveggar.

3.7: Alternativ til tilrådinga (omlag som i NTP-saka):

Det er avgjerande for Møre og Romsdal at Gudbrandsdalen vert vald som trasé ved ei framtidig utbygging av høgfarts-bane mellom Oslo og Trondheim. Det er vidare svært viktig at avgjerande at Intercity-banen går heilt til Lillehammer og at banenettet blir bygd slik at det kan vere starten på ei framtidig høgbanesatsing i resten av Sør-Noreg. Likeeins er det avgjerande for lønsemda i høgfartsbanesatsinga at nettet blir bygd ut etter eit fleirbrukskonsept slik at regionaltrafikk, lang-distansetrafikk og godstrafikk går på same bane.”

Lilly Gunn Nyheim (AP) og Iver Nordseth (V) fremma følgjande forslag:

”Nytt punkt 3.8:

Fv 65 er fylkesoverskridende prosjekt med stor betydning for næringsliv og befolkning. Samarbeidet mellom fylkene om disse prosjektene må videreføres.”

Torleiv Rogne (Sml), Randi Asbjørnsen (Sml) og Knut Støbbakk (Krf) fremma følgjande forslag:

”Tilleggsframlegg:

Punkt 5.4, side 31 i Delrapport 1 fra Regional Transportplan for Midt-Norge:

Nytt punkt –nytt kulepunkt:

Ålesund – Giske – Haram = Hamnsundsambandet”

Votering:

Punkta 1-2.1 blei samrøystes vedtatt.

Punkt 2.2 til og med nest siste avsnitt blei samrøystes vedtatt.

Siste avsnitt i punkt 2.2 i tilrådinga frå fylkesutvalet blei sett opp i mot forslaget frå Ingrid Opedal. Tilrådinga frå fylkesutvalet blei vedtatt med 46 røyster mot 1 for Opedal sitt forslag.



Punkta 2.3 til og med 3.6 blei samrøystes vedtatt.

Punkt 3.7 i tilrådinga frå fylkesutvalet blei sett opp i mot punkt 3.7 i tilrådinga frå Ingrid Opedal. Tilrådinga frå fylkesutvalet blei vedtatt med 39 røyster mot 8 røyster for Opedal sitt forslag.

Forslaget til punkt 3.8 frå Nyheim og Nordseth blei samrøystes vedtatt.

Heile punkt 4 blei samrøystes vedtatt.

Punkt 5 blei samrøystes vedtatt.

Tilrådinga frå fylkesutvalet om "nytt punkt" og "nye kulepunkt" (til og med Stad skipstunnel) blei samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Rogne, Asbjørnsen og Støbbakk blei samrøystes vedtatt.

Tilrådinga frå fylkesutvalet under "Nye kulepunkt" om at Fefast strykast blei vedtatt med 43 røyster mot 4 røyster.

## **Vedtak i fylkestinget - 12.06.2012**

1. Fylkestinget vedtek Regional Transportplan for Midt-Norge (RTP) 2014-2023.
2. Fylkestinget legg følgjande til grunn for å få til felles innspel frå dei Midt norske fylka til Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023
  - 2.1. Auka rammetilskot til samferdselsformål i fylka, slik at fylkeskommunane er i stand til å løyse utfordringane. Midt-Noreg er til dømes ein region med mange fylkeskommunale ferjesamband og ferjekaiene i mange av desse sambanda må rustast opp. Dette må det takast omsyn til i rammetildelinga til fylkeskommunane.
  - 2.2. Auka framdrift på viktige riksvegprosjekt på E39, E6, E136 og riksveg 70 (Oppdal-Kristiansund). Staten bør leggje til rette for og setje i gang prøveordning med prosjektfinansiering langs viktige strekningar på riksvegnettet. Staten bør foreta ein grundig gjennomgang og oppdatering av sine transportmodellar og sine modellar som blir brukt til samfunnsøkonomiske analyser. Riksvegane må planleggjast og byggjast ut ikkje bare for personbil, men også for kollektivtrafikk og gåande og syklande.

Det same gjeld tilrettelegging for bruk av elektrisk drivne kjøretøy. Fylkestinget viser her til samrøystes vedteke oversendingsframlegg i fylkesutvalssak U-137/11:

Samferdselsutvalet ber om at arbeidet med å realisere elektrisk E39 blir samordna med utarbeiding og rullering av regional transportplan for Midt-Noreg. Arbeidet skal ha som mål at maksimal avstand mellom hurtigladepunkt for el-bilar skal vere 100 km langs fylkesvegnettet seinast ved utgangen av 2016. Møre og Romsdal fylke skal ta initiativ til å opprette eit samarbeidsforum med private og offentlege aktørar for å få til dette. Hurtigladepunkt langs E39 i Møre og Romsdal blir å rekne som utgangspunkt for vidare nettverksbygging i vårt fylke så snart dei er etablert.

Ferjefri E39 må realiseres som et samla prosjekt innan ein 20 års periode. Staten må medverke til ein ny finansieringsmodell slik det er foreslått. Målet er prosjektfinansiering med 100 mrd, 5 mrd pr år, gjennom offentlig finansiering samt bompengar. Dette bør utformast som 6 kontraktsoner, eitt for kvart fylke. Prosjekta kan gjennomførast etter kvart som dei er ferdige planlagt. Dette krev ei planramme utover + 45 %.

- 2.3. Elektrifisering av Trønderbanen og Meråkerbanen, samt utbetring og betre regularitet på Dovrebanen og Raumabanen

- 2.4. Betre standard på riksvegferjene – NTP-standarden må ta høgde for den høge trafikktviklinga som har vore i ferjesambanda.
- 2.5. Meir midlar til rassikring – Rassikringspotten må minst doblast for å kunne løyse dei viktigaste problema i regionen.
- 2.6. Overføring av gods frå veg til sjø og bane. Det er viktig at det leggjast til rette for at ein større del av godstransporten kan gå føre seg på miljøvennlege transportformar. Det krev innsats både innan infrastruktur og rammeføresetnader.
- Stamnetthamnene i regionen må styrkast i form av betre vegtilknyttingar. I Møre og Romsdal er det særleg viktig å utvikle Ålesund hamn med m.a. meir effektiv vegtilknytting, samt påpeike viktigheita av riksveg 70 som tilførselsveg for Kristiansund og Nordmøre Havn (KNH).
- For å styrke jernbanetransportens konkurransekraft i åra framover, er det naudsynt å flytt dagens godsterminal i Trondheim og etablere eit nytt logistikknutepunkt for Trondheimsregionen slik at tilstrekkeleg kapasitet kan bli oppnådd til framtidens godstransport på bane.
- I NTP er det sett fokus på at dei mange avgiftene på sjøtransport bidreg til å svekke konkurranseevna for sjøtransport ift lastebil. Det er behov for ein samla gjennomgang av rammeføresetnadene med tanke på å utnytte sjøtransportens fordelar der dette er hensiktsmessig ift bil.
- 2.7. Fylkeskommunen må få eit heilskapleg ansvar for kjøp av transporttenester i fylka også femnar om sjukettransportar.
- 2.8. Fylkeskryssande kollektivtrafikk. Staten bør gå gjennom dei organisatoriske og finansielle tilhøva i samband med kjøp av fylkeskryssande regionale bussruter. Ein bør sjå dette ift kjøp av tilsvarande regionale togtilbod mellom byar i Norge.
- 2.9. Drift og vedlikehaldsetterslepet både når det gjeld riks og fylkesveg må på kort sikt ikkje aukast. På lang sikt må etterslepet bli monaleg redusert på dei viktigaste vegstrekningane. Dette må også gjenspeglast i rammeoverføringane til fylkeskommunane.
- 2.10. Statens vegvesen må bygge opp nok plan- og prosjekteringskapasitet i "sams vegadministrasjon" til å kunne gjennomføre plan og byggeprogramma knytt til nye investeringar i rett tid både når det gjeld riks og fylkesvegar.
3. Fylkestinget vil at følgjande strategiar skal leggjast til grunn for samarbeid mellom Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag.
- 3.1. Fylkeskryssande kollektivtrafikk. Tilrettelegging av eit samanhengande høgfrekvent kollektivtilbod internt i regionen. På aksen Volda-Ålesund-Molde-Kristiansund-Trondheim-Namsos er det behov for eit samanhengande forutsigbart tilbod. Trasèvalget for TIMEkspressen kjem samferdselsutvalet tilbake til under behandlinga av kollektivstrategien.
- 3.2. Dei tre fylkeskommunane vil samarbeide om ein samla strategi for kollektivtransport i distrikta. Det er viktig med betre samordning av kollektivtilbodet og andre offentleg betalte transportar. Det kan vere syketransport, men i distrikta også skuleskyss og tilrettelagt transport for bevegelseshemma.

- 3.3. Samarbeid om utvikling av byområda i regionen. Viktige fokusområde her vil vere: Kollektivtransport, transport og arealbruk, gange og sykkel, parkering og vegprising.
- 3.4. Ferjestrategi. Det blir føreslått eit samarbeid mellom dei tre fylka når det gjeld å utvikle og oppdatere ein ny felles ferjestrategi for Midt-Norge som tek høgde for den store trafikkveksten ein ser på mange av ferjesambanda.
- 3.5. Utgreie moglegheita for auka samarbeid om innkjøp av transporttenester, herunder alternative organisasjonsmodellar. Forholdet til "sams vegadministrasjon" når det gjeld kjøp av ferjetenester bør takast med i denne vurderinga.
- 3.6. Nytt ferjesamband Aure-Hitra: Møre og Romsdal fylkeskommune vil – saman med Sør-Trøndelag – jobbe vidare med prosjektet, der ein har spesielt fokus på eit pilotprosjekt for batteriferje.
- 3.7. Høghastighetstog: Møre og Romsdal fylkeskommune ser at høghastighetstog ligg fram i tid. Men for oss er det viktig å sikre at ein framtidig trasè mellom Oslo og Trondheim går gjennom Gudbrandsdalen.
- 3.8. Fv 65 er fylkesoverskridende prosjekt med stor betydning for næringsliv og befolkning. Samarbeidet mellom fylkene om disse prosjektene må videreføres.
4. Fylkestinget tek til orientering at det blir jobba med følgjande strategiar og planar for Møre og Romsdal fylkeskommune sitt eige ansvarsområde når det gjeld samferdsel.
- 4.1. Handlingsprogram for Samferdsel ifm fylkesplanarbeidet for 2013-2016. Plan og byggeprogram samt investeringsprogram blir rullert årleg for å ha kontroll og oversikt over alle planlagte investeringar på fylkesvegnettet.
- 4.2. Kollektivstrategi for Møre og Romsdal fylke er på høyring og vil bli handsama av fylkestinget i oktober.
- 4.3. Trafikktryggingstrategi for Møre og Romsdal fylke er også under arbeid.
5. Fylkesrådmannen for fullmakt til å utarbeide eit samandrag av RTP på bakgrunn av tingbehandlinga.

Punkt 5.4, side 31 i Delrapport 1 for Regional Transportplan Midt-Norge:

Nytt punkt

- Ålesund – Sykkylven – Stranda – Stryn (Storfjordsambandet)
- Vanylven kommune (Rovdefjordbrua)
- Ålesund – Giske – Haram = Hamnsundsambandet

Side 37 – øverst på side !

Nye kulepunkt

- E39 Møreaksen – kryssing av Romsdalsfjorden
- E39 Hafast – kryssing av Storfjorden
- Stadt skipstunnel

Møtet slutt 1830